



Radøy Kommune - Kristine Skaiaa Born

Dato: 16.04.2015

Vår ref.: 2015/3813-3

Saksbehandlar: monsera

Dykkar ref.:15/566-15/3487

Fråsegn etter kulturhistorisk synfaring - Søknad om landbruksveg - Bø - Gnr 24 bnr 10 - Radøy kommune

Vi viser til Dykkar brev datert 07.04.2015 i samband med søknad om bygging av landbruksveg, og til vårt brev av 09.04.2015 med varsel om synfaring. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Det er tidlegare gjort funn av ein pilspiss av flint på garden Bø, og berre 150 m nordvest for gardsgrensa er det registrert ein steinalderbuplass (Askeladden id. 149416). Arkeologar frå Hordaland fylkeskommune var difor på synfaring i det aktuelle området 15.04.2015. Området vart undersøkt, men utan at det vart påvist automatisk freda kulturminne. Ved synfaringa vart det klårt at tiltaket allereie er gjennomført.

Hordaland fylkeskommune ser det som svært uheldig at anleggsverksemdundset var sett i gang før kulturminnestyremaktene har hatt høve til å handsame saka på skikkeleg vis. Tiltak som fører til tap av nasjonale kulturminneverdier kan få strafferettslege konsekvensar, jf kulturminnelova § 3, 8 og 9.

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Monika Cecilia Serafinska
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.